

# Kystpilegrimsleia

Selja som  
regionalt senter for Kystpilegrimsleia



*«Den moderne norske pilegrimens praksis kan være religiøst motivert, men den kan like fullt uttrykke et grunnleggende behov for å «bli innfelt» i naturen, om å finne tilbake til kulturelle og historiske røtter eller bare speile en mer generell søken eller lengsel»*

# Innhold

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>2</b>
1.1. Nasjonal pilegrimssatsing – nasjonal og regional organisering.....	2
1.2. Selja og Stad ynskjer funksjon som regionalt pilegrimssenter.....	3
1.3. Funksjon og tolking av samfunnsoppdraget som regionalt pilegrimssenter .....	4
<b>2. Selja som heilagmål .....</b>	<b>6</b>
2.1. Historia .....	6
2.2. Selja naturleg stad som regionalt pilegrimssenter.....	7
2.3. Selja kloster.....	8
2.4. Kyrkjestaden Bø på Selja.....	8
2.5. St. Sunniva .....	9
2.6. Sunnivaleia og dei tre prinsessene.....	9
2.7. Prestegarden i Selje .....	10
2.8. Biskopen av Selja.....	10
2.9. Kulturlandskapet .....	10
<b>3. Engasjement for Selja og Kystpilegrimsleia.....</b>	<b>11</b>
4.1. Lokalpolitisk vilje – regional og nasjonal satsing på Selja som heilagmål og reisemål .....	11
4.2. Samarbeidsprosjekt perioden 1992 – d.d.....	12
4.3. Faste arrangement på Selja i dag .....	14
4.4. Tidlegare arrangement og aktivitetar – Selja og Stad .....	14
<b>5. Tilgjenge – infrastruktur.....</b>	<b>16</b>
5.1. Reise til Selja og Selje.....	16
5.2. Selje sentrum – tilbod og infrastruktur .....	17
<b>6. Etablerte institusjonar som kan ta oppgåva .....</b>	<b>20</b>
6.1. Samfunnsoppdraget –funksjonen som regionalt pilegrimssenter .....	20
6.2. Stad kommune rigga for oppdraget .....	22
<b>7. Kompetansemiljø og nettverk .....</b>	<b>24</b>
7.1. Koplinga mellom prosjekt og nettverk.....	24
7.2. Kompetansemiljø .....	25
<b>8. Avsluttande kommentar .....</b>	<b>27</b>

# 1. Innleiing

## 1.1. Nasjonal pilegrimssatsing – nasjonal og regional organisering

Det vart i november 2012 vedteke ein overordna strategi for pilegrimssatsinga, som ein rekke departementsområde stilte seg bak. Det overordna målet for strategien er:

*«Pilegrimsleden skal gi mulighet for vandring gjennom et landskap som er rikt på natur-, kulturarv- og kulturopplevelser. Den skal tas vare på som en viktig del av den europeiske kulturarven og gi et unikt møte med norsk natur, kulturminner, kultur, tro og mennesker. Strategien skal bidra til verdiskaping og positiv utvikling langs ledene gjennom økt bruk av den.»*



Det blir vidare lagt til grunn at pilegrimssatsinga skal innrettast slik at den bidreg til å oppfylle sentrale målsettingar på samfunnsområda:

- Miljø
- Næring
- Kyrkje
- kultur

Vidare seier strategien:

*«Ambisjonen i strategien er at satsingen skal bidra til formidling av pilegrimstradisjonen, kulturminner, kulturarv, natur og landskap, friluftsliv og fysisk aktivitet, utvikling av næringsvirksomhet, bærekraftig reiseliv og levedyktige distrikter langs ledene.»*

*«Målet er å utvikle pilegrimsledenes potensial som et nasjonalt og internasjonalt reiselivsprodukt, og gjennom det få flere til å gå, både lokale vandrere og de som går over lengre strekninger»*

Strategien er følgt opp gjennom langtidsplan for pilegrimssatsinga 2019 – 2037, og gjennom eigne prosjekt slik som Kystspilegrimsleia.

Når det gjeld organiseringa av arbeidet slår strategien frå fast at ordninga med regionale pilegrimssentre skal vidareførast og at Nasjonalt pilegrimssenter (NPS) skal ha eit pådrivar- og koordineringsansvar ovanfor dei regionale pilegrimssentra.

Styringsgruppa i prosjektet Kystpilegrimsleia har oppmoda dei involverte fylkeskommunane langs kysten om å legge fram ei politisk sak om varig regional satsing på Kystpilegrimsleia, slik at ein sikrar framtidig bruk og ivaretaking av leia.

Styringsgruppa i prosjektet Kystpilegrimsleia ber om at lokalisering av regionale pilegrimssenter vert ivareteke både lokalt og regionalt, og meiner at valet bør gjerast på bakgrunn av følgjande kriteria:

- ❖ Avstand mellom sentra og geografisk dekningsområde
- ❖ Tal nøkkelstader pr. regionalt senter bør vere så likt som mogeleg
- ❖ Kvalitet som heilagmål må takast omsyn til
- ❖ Lokalt og regionalt engasjement
- ❖ Tilgjenge/infrastruktur
- ❖ Etablerte institusjonar som kan ta oppgåva
- ❖ Kompetansemiljø/nettverk

Sogn og Fjordane fylkeskommune opnar på denne bakgrunn opp for at Bjørgvin bispedømmeråd og kommunane Selje/Stad og Flora/Kinn kjem med synspunkt og vurderingar på lokalisering og gjer greie for korleis ein lokalt kan ivareta vertrsolla som regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane.

Denne uttalen her supplerer Fellesnemnd for Eid og Selje og Selje kommune sin uttale om vidare satsing på Kystpilegrimsleia og ynskjer om Selje og Stad som regionalt pilegrimssenter.

## 1.2. Selja og Stad ynskjer funksjon som regionalt pilegrimssenter

**Fellesnemnd for Eid og Selje og Selje kommune** har gitt felles uttale til langtidsplanen for pilegrimssatsinga i Noreg, og vil vere ein aktiv partner i vidare utvikling av Kystpilegrimsleia:

*«Vi ser ... at det i tida framover må leggast ned ein stor, koordinert innsats for å få integrert pilegrimssatsinga i kommunale overordna planar, i strategiar for reise- og næringslivet og som ein del av virket til frivillige lag og organisasjonar. Men lukkast ein med dette, trur vi at vi har klart å skape ei reise som ikkje berre «berører», men som **bind oss saman**.*


*Nye Stad kommune har gjennom sine strategiske planar for stadutvikling, reiseliv og næring allereie politisk oppslutnad for å kunne integrere pilegrimssatsinga som ein del av vårt felles arbeid ikkje berre i Stad, men også regionalt og internasjonalt. Vi ønsker å vere ein aktiv partner i vidare utvikling av den norske Pilegrimssatsinga, og ynskjer å vere verksommune for eit framtidig RPS for Kystpilegrimsleia slik det er skissert i langtidsplanen, med mål om å utvikle og engasjere heile kysten for dette viktige prosjektet både på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå».*

### 1.3. Funksjon og tolking av samfunnsoppdraget som regionalt pilegrimssenter

Sogn og Fjordane fylkeskommune etterspør Selje og Stad sine synespunkt på dei geografiske dekningsområda for dei regionale kystpilegrimssentra. For Selje og Stad er det vesentleg at val av stadar som regionale pilegrimssenter blir gjort ut frå objektive kriterier, sett ut frå den tanke om at valet skal bidra til å oppnå målsettinga ved Kystpilegrimsleia og Noreg si pilegrimssatsing.

**Formålet til dei regionale pilegrimssentra** blir slik vi ser det å vere sentrale i etablering og utvikling av innhald i pilegrimsvandringane og pilegrimssentra, vertskap for pilegrimane, ta initiativ til bedriftsnettverk for næringsdrivane langs leia, koordinatorrolle for aktørane, vedlikehalde leiane og marknadsføre konseptet.

Målet med Kystpilegrimsleia er å ta opp att og bruke mellomalderen si seglingslei frå Stavanger til Trondheim. Kystpilegrimsleia blir i dag **for den moderne pilegrim** – som etter formålet med kystpilegrimsleia skal kunne famne alle. Ei ferd langs kystpilegrimsleia skal vere for den som reiser ut frå eit religiøst motiv, den som er på søken og den som reiser ut frå eit kultur-/historiske motiv eller eit natur-/og miljømotiv. Dei regionale pilegrimssentra bør etter Stad2020 sitt syn kunne ta i vare alle dei behov som den moderne pilegrim har.



Dei regionale pilegrimssentra bør ha **kvalitet og sterk identitet som heilagmål og fasilitetar** til å famne om:

- ❖ den religiøse
- ❖ den søker
- ❖ kulturturisten
- ❖ den aktive turist
- ❖ barnefamiliar
- ❖ studenten
- ❖ forskaren
- ❖ bedriftsmarknaden
- ❖ den nysgjerrige
- ❖ cruiseturisten

Til døme har Selje og Eid i ny reiselivsstrategi «sortert» slik<sup>1</sup>:

Merke- vare/ profil				Reint, autentisk, miljøvennleg
	Kven er kunden?	Kulturturist	Aktiv turist	Barnefamilie
Kva er produktta?	<b>Frå Viking til Pilegrim</b> Kulturopplevingar med utspring i viking-, kongs og pilegrimshistorie Opera Festivalar Lokalmat med historie	<b>Frå fjellvandring til surfing</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Surfing</li> <li>• Ski</li> <li>• Vandring</li> <li>• Sykkel</li> <li>• Fjordaktivitet</li> <li>• Riding</li> <li>• Lokal og sunn mat</li> </ul>	<b>Frå aktiv ferie til kafékos</b> Mangfold av aktivitetar Historiefortelling og humor Lokal og sunn mat	<b>Fjordopplevingar og lokal kultur</b> Fjordcruise (større og mindre skip) Kompakte aktivitets- og kulturtildelningar

Ei liknande tilnærming er beskriven tidlegare, mellom anna som **plattformtilnærming for utvikling** av regionale konkurransefortrinn, jf. illustrasjon fra Aasheim mfl. 2006. Regionens kunnskapsbase danner her grunnlaget for definering og konkretisering av regionens konkurransefortrinn på område som landbruk, natur, reiseliv, kultur og IKT.

For å ta i vare mangfaldet og spegle kysten med all sin ulikskap bør dei enkelte nøkkelstadane representera eit område eller ein region sin eigenart og historie, og såleis representera noko særegne og ulikt frå dei andre nøkkelstadane. Stad2020 meiner difor at ein ved val av nøkkelstadar bør legge vekt på

<sup>1</sup> Figur henta frå Reiselivsstrategi for Stad2020. Utarbeidd av PWC v/prosjektleiar Ingvill Flo.

å få løfta opp både små og større stadar. I tillegg bør det vere god, naturleg geografisk avstand mellom nøkkelstadane.

***For Selja og Stad vil eit naturleg dekningsområde kunne strekke seg frå Gulen i sør og til Ålesund i nord. Eventuelt til St. Jetmund i Vanylven i nord aust.***

## 2. Selja som heilagmål

### 2.1. Historia

Gjennom heile mellomalderen var heilagøya Selja ***eit av dei viktigaste religiøse senter i landet.***

Selja kloster er ***Noregs eldste pilegrimsmål***, knytt til legenda om den første norske helgenen Sankta Sunniva. Etter legenda leid ho og følgjet hennar martyrdøden på Selja 996. Kong Olav Tryggvason og biskopen hans fann dette året heilage bein på Selja og erklærte Selja som ein heilag stad.



«På Selja finner vi et av de mest unike sporene etter mennesker fra middelalderen i noe av de vakreste naturomgivelsene vi har i landet».<sup>2</sup>

På Selja var tre ulike funksjonar samla på ein stad:

- helgenstad
- bispesete
- kloster

---

<sup>2</sup> Jørn Holme. Riksantikvar i Noreg 2009 -2018.

Den første pilegrimen vi kjenner namnet på er Olav Haraldsson, seinare Olav den heilage, som steig i land på selja år 1015.

Som konge innførte Olav Haraldsson i 1024 kristenretten i Norge der feiringa av Seljumannamessa 8. juli vart lovfesta, som **den første norske messedagen**. Heilt frå 1000-talet og fram til reformasjonen i 1536-1537 vart Seljumannamessa feira. Funn av fem pilegrimsmerk frå fem kjende pilegrimsmål lenger sør i Europa (Italia, Frankrike, Nederland) viser at pilegrimane på Selja kom langvegsfrå.

Selja bispesete vart etablert i 1068 bispedømme var **eit av landets tre opphavlege bispedømmer**, saman med Nidaros bispedømme og Oslo bispedømme. Kort etter 1100 anla benediktinmunkar her eit kloster innvia til den engelske helgen St. Alban. Klosteret si verksemd strakk seg over 400 år.

Selja var ein eigna stoppestad for sjøfarande pilegrimar som skulle til Nidaros, og for pilegrimane som skulle til Nidaros 29. juli passa det fint å få med seg Seljumannamessa på Selja 8. juli. Funn av fem pilegrimsmerk frå fem kjende pilegrimsmål lenger sør i Europa (Italia, Frankrike, Nederland) viser at pilegrimane på Selja kom langvegs frå.

Leivningane til St. Sunniva vart flytta til Bergen i 1170, og ho vart då rekna som **Bergen sin skytsengel**. Relikviane etter Seljumennene – fylgjet til Sunniva – vart verande på Selja og danna grunnlaget for kultstaden utover i mellomalderen. Sunniva-kulten fekk si hovudforankring i Bergen medan seljumanna-kulten hadde hovudbasen på Selja.

## 2.2. Selja naturleg stad som regionalt pilegrimssenter

Den historiske koplinga mellom **Selja og Bergen** gjer det naturleg å velje Selja som eitt regionalt pilegrimssenter.

Selja ligg også **midt i seglingsleida mellom Trondheim og Bergen**, og er eit naturleg val som regionalt pilegrimssenter for Kystpilegrimsleia. I forprosjektet for Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros står det på side 11 skrive følgjande:

«*Eit av dei viktigaste og kanskje mest kjente pilegrimsmåla langs kystleia var øya Selja ved Stad som ligg midt i seglingsleia mellom Trondheim og Bergen. Legenda om den irlske prinsessa Sunniva som strandta på øya Selja etter å ha lagt ut på havet i båt utan årar og segl for å komme unna ein heidensk friar er godt kjent i Vestlandet si kultur- og kyrkjehistorie. Sunniva vart skrinlagt i 996, etter ordre frå Olav Tryggvasson, og ho fekk etter kvart helgenstatus. Selja og St. Sunniva sitt skrin vart slik vårt første valfartsmål. Ved fjellet på Selja finn vi i dag ein oppmurt steinterasse frå 1100-talet, som er truleg er restane etter den liturgiske samlingsstaden for pilegrimar som besøkte anlegget (Hommedal 1995:79). Og i klosterruinane på øya er det funne fleire pilegrimsmerker frå ulike pilegrimsstader. Desse vitnar om pilegrimane som ein gong besøkte Selja (Grieg 1968:318). Selja var også ei naturleg hamn for den som måtte vente på passande vær for å kunne passere Stad. Øya var dessutan eit av utreisepunkta og innkomststadene for ferder i vesterveg (Hommedal 1995:91).»*

Stad kjem frå norrønt **stadr, i betydinga stanse**, som har samanheng med sjøfarande som måtte ligge og vente på betre vær. I tillegg til Selja sin status som heilagstad og bispesete, gjorde plasseringa ved Stadhavet Selja til eit geografisk og sosialt knutepunkt,



Ved Stadhavet har menneska i lange tider også nyttet eida, noko som t.d. stadnamnet Dragseidet på Stadlandet vitnar om. Dette er det lågaste fjellpasset over Stadhalvøya, og fartøy vart trekt over eidet for å sleppe å segle det værharde og farlege havstykket utanfor. Framleis kan ein sjå spor etter dei gamle slepa. **Kongevegen over Mannseidet**, mellom Kjøde og Moldefjorden, er saman med vegen over **Dragseidet** mellom dei eldste opparbeidde vegane på Vestlandet. Vegen er nemn både i Snorre og i Eigsoga. Også vegen over **Berstadeidet**, frå Rimstad på Bryggja til Berstad i Selje, har opp gjennom åra vore nyttet av pilegrimar på veg til Selja. Historia fortel om Sigrid Undset som var innom ein gard på Berstad for kleskifte etter å ha gått over Berstadeidet på vegen sin til klosteret på Selja. Alle desse tre eida, vil vere **aktuelle ruter for den moderne pilegrim** på si vandring på den nyetablerte kystpilegrimsleia.



3



4

Selja som regionalt pilegrimssenter vil gjennom koplinga mot eida òg kunne arbeide aktivt for å **kople saman vest og aust**, der ein omsider møter Borgleden mellom Oslo og Trondheim/Nidaros.

### 2.3. Selja kloster

Selja kloster er eitt av dei **eldste og mest komplette klostera i Noreg**.

Klosteranlegget på Selja er komplett med klosterkyrkje, tårn, klosterbygningar, indre og ytre kyrkjegardsmур, ytre klostermur, klosterhage og beitemarker, i tillegg til helgenanlegget i fjellsida med Mikaelskyrkja og Sunnivakyrkja

Turen med klosterbåten frå Seljevågen til klosteret er ein kort båttur, som er akkurat passe lang til at dei reisande vert "frikopla" frå den moderne verda og omstilt seg til ei oppleveling heilt utanom det vanlege

### 2.4. Kyrkjestaden Bø på Selja

Bø er namnet på ein gard på innsida av Selja. Bø er eit av dei eldste gardsnamna i Norge og indikerer alltid ein sentral og stor gard som ligg ope til på solsida. Om garden Bø i tidlegare tider har vore sete for ei mektig ætt, kan vi berre gjette. Truleg er det i alle fall at kongen på eitt eller anna tidspunkt åtte garden, for det var på denne eigedommen Olav Kyrre la **bispesetet i 1068**. I mellomalderen vart det

<sup>3</sup> Kongevegen over Mannseidet. Foto: A.H. Seljen.

<sup>4</sup> Korsen på Dragseidet. Foto: Gerd Fløde Bjørlo.

bygd soknekyrkje på ei flate ned mot sjøen, og garden var bustad for soknepresten. I 1654 vart ho flytta inn til fastlandet<sup>5</sup>.

## 2.5. St. Sunniva

I år 996 utropte Olav Tryggvasson Selja til den fyrste heilagstaden i Noreg. Sunniva vart helgekåra. St. Sunniva er **Noregs første helgen og den einaste kvinnelege helgen**. Segna om ho var svært viktig i kristninga av Noreg.

Legenda om Sunniva er makelaus i norsk samanheng. Ho knyter seg til faktiske, historiske hendingar, men er samstundes ei forteljing som rører og fengslar dei som høyrer på.



*Ingen kjem til Selja utan å undre seg. Ingen reiser herifrå urørt.<sup>6</sup>*

## 2.6. Sunnivaleia og dei tre prinsessene

Sunnivaleia er ei **pilegrimslei frå Kinn til Selja**. Kvart år vert det arrangert vandring i Sunnivaleia, gjerne med Seljumannamesse i klosterruinane på Selja som mål. Leia knyt saman dei heilage øyane Selja og Kinn. Flora historielag skriv mellom anna følgjande om koplinga mellom Selja, Kinn og Utvær:

*«Frå vikingtid og tidleg mellomalder knyter det seg fleire legender til Kinn. Funn av beinrestar på Selja, gav næring til forteljinga om "heilage menn som kviler på Selja og Kinn". I eit historisk lys kan dei heilage menn vere keltiske munkar frå Irland og Skottland. Helgendyrking var viktig under kristninga av Vestlandet, og Seljumannamesse 8. juli vart ei kristen høgtid alt på 1000-talet. Men rundt 1100 utvikla det seg ei legende i det geistlege miljøet rundt bispesetet og klosteret på Selja, Sunnivalegenda, som vart nedskriven på slutten av 1100-talet. I denne legenda er det og fortalt om at ein del av følgjet til Sunniva kom i land på Kinn. Tre prinsesser hadde rømt frå giftarmål med heidenske hovdingar på Irland, Sunniva, Borni og Ingeborg. "I båtar utan segl og årar" let dei tre prinsessene seg drive over havet, og lova Gud at der dei kom i land skulle dei bygge ei kyrkje. Slik er Bornilegenda knytt til kyrkja på Kinn, medan Sunnivalegenda er knytt til klosteret på Selje. Den tredje prinsessa, Ingeborg, er i ein av*

<sup>5</sup> Kulturhistorisk leksikon. Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.

<sup>6</sup> Utdrag frå offisiell flyer for Selja kloster.

*legendeversjonane knytt til Utvær i Solund, der det vart bygd ei kyrkje som i 1717 vart riven og flytta lenger inn på øyane i Solund».*

## 2.7. Prestegarden i Selje

Prestegarden i Selje har **tradisjonar attende til middelalderen** og er nemnd i skriftlege kjelder fyrste gong kring 1350. Det gamle namnet på garden var Hove. I katolsk tid budde presten på garden Bø på Selja, men etter reformasjonen (1536) er det Hove som har vore prestegard. Hovudhuset vart reist av allmugen 1782-1784. Kring prestegardstunet ligg det i dag 6 bygningar som til saman dannar eit interessant miljø av stor kulturhistorisk interesse. ***Alle bygningane vart freda av Riksantikvaren i 1991.***<sup>7</sup>

## 2.8. Biskopen av Selja

Selja kloster er **underlagt Paven gjennom biskopen i Sarajevo**, og er katolsk. Katolske nonner og prestar er difor alltid representert ved Seljumannamessa og andre formelle arrangement på Selja.

## 2.9. Kulturlandskapet

I 2009 vedtok Miljøverndepartementet og Landbruks -og matdepartementet at området Hoddevik-Liset er **eitt av dei 20 mest verdifulle kulturlandskapa i Noreg**. Desse kulturlanskapa er viktige element for ein vandrar; dei er lett tilgjengelege og tek ein innom dei mest karakteristiske kystlandskapa vi har på Vestlandet. Hoddeviksanden, klyngetunet på Indre Fure, vidare på stien til Ytre Fure og stien til den veglause garden Årdal, for å nemne nokre.



---

<sup>7</sup> Kulturhistorisk leksikon. Fylkesarkivet Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### 3. Engasjement for Selja og Kystpilegrimsleia

#### 4.1. Lokalpolitisk vilje – regional og nasjonal satsing på Selja som heilagmål og reisemål

Tanken om eit kloster- og pilegrimssenter i Selje vart til ved 1000- årsfeiringa i perioden 1996 - 1997. Og har på ulike måtar engasjert seg for å få til dei slik satsinga i Selje.

Engasjementet for Kystpilegrimsleia finn vi mellom anna att i sluttrapporten til Forprosjektet Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros. Under punkt 1.1. i sluttrapporten står det skrive:

*«Etter initiativ frå Selje kommune vart det arrangert eit møte i Bergen i november 2010. Her møttest representantar for kulturavdelingane i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, Bjørgvin og Stavanger bispedøme, Venner av Selja og Selje kommune. Ein drøfta korleis det vidare kystpilegrimsarbeidet kunne forankrast. Det var brei semje om behovet for ei koordinert kystsatsing. Dette vil òg styrke den nasjonale pilegrimssatsinga. Møtet konkluderte med at det må lagast eit forprosjekt etter modell av det nasjonale pilotprosjektet der føremålet er å løfte fram pilegrimsleia langs vestlandskysten og aktuelle pilegrimsmål. Relevante kulturminne og heilagstader skal synleggjerast».*

Selje kommunestyre gjorde i 2011 vidare eit **intensjonsvedtak om etablering av eit kloster- og pilegrimssenter** i Selje. Prosjektet gjekk fram til 2013 då interimstyret la fram sin sluttrapport i prosjektet, og samstundes tilrådde etablering av eit slik senter i Selje.

Selje kommunestyre og Fellesnemnd for Eid og Selje har i felles uttale til langstidsplanen for pilegrimssatsinga **våren 2019** uttrykt eit sterkt ynskje om at Selja og Stad skal få tildelt status som regionalt pilegrimssenter langs Kystpilegrimsleia. Prosjektet er også eit **prioritert tiltak** i Selje kommune sin **kommunedelplan for kulturarven i Selje** 2019 – 2029.

Selja kloster er ein av **hovudsatsingane i Riksantikvaren sitt ruinprosjekt**. Riksantikvaren og Sogn og Fjordane fylkeskommunen sine tildelingar nærmar seg **over 25. millionar til arbeidet** sidan prosjektet starta i 2006. I tillegg har nokre av landets beste restaureringshandtverkarar sett i stand tårnet og vil halde fram å arbeide med anlegget fram til 2020.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i regi av PWV i 2019 gjennomført forprosjektet Selja som reisemål og fyrtårn innan turisme i Nordfjord 2030. Satsinga går no over i ein ny hovedprosjektfase, med ei breitt samansett styringsgruppe.


Eit nytt nasjonalt pilegrimssenter inngår som ein del **av framtidsvisionen** i skissa for prosjektet:



Eit godt samarbeid mellom fylkeskommune, kommune, OVF og Riksantikvaren vart etablert i 2019 med formål om å avklare roller og gjere rammevilkår for utvikling av anlegget tydelege.  Langsiktige avtalar vart etablert.	Kjernerkevsem er sal av turar på fjorden med Selja Kloster som hovudattraksjon.  Tilleggsprodukt er guida tenester, opplevelsingar, suvenirer, servering og annan aktivitet for ulike målgrupper.  Kulturlandskapet på øya elles er teke i bruk til ny og berekraftig aktivitet.	Det er utvikla grunnleggjande infrastruktur på øya som gjer at nye serveringslokale og servicebygg har straum og vatn.  Det er mogeleg å drive servering i høgesong, og anlegget er betre rusta for å handtere større folkemengder og arrangement.
Kommersielle aktørar, alene eller i samarbeid, eiga verdikjeda til Selja Kloster, og har utvikla ei kundereise.  Aktoren har eit langstiktig og godt samarbeid med det offentlege og utviklar anlegget basert på berekraftsprinsipp.  Aktoren har inngått strategiske samarbeid med andre i reiselivsnæringa, og har utvikla attraktive produktipakkar for den aktive kulturturisten, pilegrimen, barnefamilien og båt-turisten.	Sesongen starter tidlig med hovudfokus på skuleklasser, pensjonistar og grupper på rundreise som besøker Selja Kloster. Frå starten av juni til slutten av august er etterspanden etter billetter med klosterbåten tidvis større enn tilbodet. Eit spennande vinterprodukt er på plass.  Produkten har med dette fått stor attraksjonskraft, og ein kan ta seg betre betalt per gjest og fokusere på kvalitet framfor kvantitet.	Eit nytt nasjonalt pilegrimssenter er oppført i Selje. Selje Hotel er gjenoppbygd etter brannen i 2016. Vestkapp er utvikla som turistmål. Stad Skipstunnell er opna.  Klosterproduktet er godt integrert i desse aktørane sine forretningskonsept.

8

I forprosjektet ser mogleg driftsmodell for Selja kloster slik ut:



21

Døme på ein kommersiell aktør kan til dømes vere ei stifting eller ei anna selskapsform som kan koplast mot eller saman med eit driftsselskap for pilegrimssenteret.

I tillegg til formelle samarbeidsprosjekt på tvers av offentlege og private organ, har og framleis er Selja og Stad vertskap for svært mange arrangement. I punkta under vil vi gje dykk i bruken av kloster- og helgeanlegget og det arbeid som er og blir lagt ned i pilegrimssatsinga.

## 4.2. Samarbeidsprosjekt perioden 1992 – d.d.

Kort oversikt over dei viktigaste prosjekta:

- ❖ **1992-1994:** Vedtak i Hovudutvalet for Kyrkje/Kultur/Miljø nedsett ei gruppe som skulle sjå på styringsform for Klosteret på Selje.

<sup>8</sup> Skisse henta frå Reisemålet Selja kloster. Sluttrapport Forprosjekt februar 2019.



- ❖ **1992:** strategisk næringsplan for Selje. Satsingsområde A i planen var reiseliv, kultur og oppleving. Med fokus på å få etablert ei nasjonalt klosterutstilling i Selje.
  
- ❖ **1996 - 1997:** Tanken om eit kloster- og pilegrimssenter vart til i samband med 1000-årsfeiringa. Feiring av tusenårsjubileet i Selje. Samarbeid med m.a. turoperatøren Star Tour.
  
- ❖ **2006 – d-d.:** Selja kloster er ei av hovudsatsingane i Riksantikvaren sitt ruinprosjekt.
  
- ❖ **2006:** Søknad om etablering av nasjonalt klostersenter sendt til Miljøverndepartementet verdiskapingsprogram for kulturminnesektoren.
  
- ❖ **2008 – 2011:** Utviklingsprosjektet for Selja og Stad som kloster- og pilegrimssenter analysert og foredla. Pilotprosjekt med laserscanning av heile øya og av heile klosteret.
  
- ❖ **2009:** Skriftleg uttale frå statsråd Trond Giske v/Kirkeavdelinga: «*Ein vil etter vår mening kunne tilføre prosjektet Pilegrimsmotivet ei vesentleg styrking ved å legge eit regionalt pilegrimssenter til Selje, der vi tek ansvar for å legge til rette for pilegrimsfart langs kysten gjennom organisering, administrasjon og innhald fir dei som kjem Kystvegen til Trondheim*».
  
- ❖ **2011:** Selje kommunestyre gjorde intensjonsvedtak om etablering av eit kloster- og pilegrimssenter. Vedtok mandat for interimstyret
  
- ❖ **2011 - 2013:** Prosjektperiode Selja og Stad som kloster- og pilegrimssenter.  
2013: Sluttrapport for Selja og Stad som kloster- og pilegrimssenter.  
2013: Sluttrapport Selja kloster- og pilegrimssenter, kommersiell del.
  
- ❖ **2013:** Utviklingsavtale mellom Selje kommune, Reisemål Stryn og Nordfjord og Sogn og Fjordane fylkeskommune om utvikling av klosteranlegg på Selja.
  
- ❖ **2013/2014:** Fire masteroppgåver knytt til Selja kloster- og helgenanlegg. Dei omhandlar m.a. skjøtselstiltak, nytt benediktinarkloster, helgendyrking av Sankta Sunniva og arkitektur og kunsthistorie.
  
- ❖ **2014:** FOU-prosjekt «Steinens proviens». Prosjekt finansiert av Riksantikvaren i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune.
  
- ❖ **2015:** Etablering av Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad.
  
- ❖ **2018:** Prosjekt: Fornying og utvikling av Klosterbåten. Samarbeidsprosjekt mellom Selje kommune og Vestkapp Båtservice AS. Prosjekt gjennomført i regi av PWC. Fornying av klosterbåtproduktet i form av nye nettsider, informasjonsmateriell, digital booking (via Visit Nordfjord AS) og lydguide.



- ❖ **2018:** Offisiell opning av Kystpilegrimsleia, av H.K.H Dronning Sonja under Seljumannamessa på Selja.
- ❖ **2019:** Ferdigstilling av reiselivsstrategi, strategi for næringsutvikling og strategi for stadutvikling for Stad kommune. Oppstart av forprosjekt for reiselivsklyngje.
- ❖ **2019:** Ferdigstilling av kommunedelplan for kulturarv for Selje kommune.
- ❖ **2019:** Forprosjekt Selja kloster som reisemål og fyrtårn innan turisme i Nordfjord 2030. Forprosjekt i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune. styringsgruppa for prosjektet, som har bestått av representantar fra Selje Kommune, Eid Kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Port of Nordfjordeid og tidligere dagleg leiar i Stiftinga Sankta Sunniva. Hovudprosjekt vedteke gjennomført.

#### **4.3. Faste arrangement på Selja i dag**

- ❖ Seljumannamessa har blitt arrangert kontinuerleg sidan 80-talet, og er eit felles prosjekt for kyrkjene i Nordfjord.
- ❖ Katolikkane har eiga feiring på øya den 8. juli, som er minnedag på primstaven for St. Sunniva.
- ❖ Dragseidspelet "På Sverdeggja" - eit friluftsspel med bakgrunn i Kong Olav Tryggvasson si kristning av fire fylke, som i følgje historia skal ha funne stad på Dragseidet på Stadlandet i år 997.
- ❖ Sunnivaleia: Årleg vandring frå Kinn til Selja.
- ❖ Selje og Eid er i frå 2019 også medlem i stiftinga Kystkultur no!, som er eit samarbeid mellom dagens Hordaland fylkeskommune og 30 kystkommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi vil gjennom dette medlemsskapet også arbeide for å fremje kystkulturen og skape kultur- og reiselivsopplevelingar gjennom Kystsogevekene.

#### **4.4. Tidlegare arrangement og aktivitetar – Selja og Stad**

Kort oversikt over tidlegare arrangement på Selja og Stad i perioden –xxxxx- xxxx



- ❖ **2004:** Sunnivafestspela 2004. Opning ved den irske ambassadøren. Høgskulen i Sogn og Fjordane v/professor Ingvild Austad stod for den faglege delen av festspela.
- ❖ **2006:** Vestlandskonferansen 2006 i Selje. Deltakarar frå Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Fagseminar om torv og torvbruk og om forvaltning av kulturmiljø med fokus på signalanlegg.
- ❖ **2009:** Kulturreise for kropp og sjel. Ei reise som gav innblikk i Sigrid Undset sitt liv og forfattarskap, som også omhandla helgenar. Reise frå Austlandet til Vestlandet og Selja.
- ❖ **2009:** Sunnivafestspela.
- ❖ **2010:** Kystpilegrimskonferanse i Selje. Kystpilegrim – over sjø og land. Samarbeidsprosjekt med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Den norske kyrkja, Nidaros pilegrimsråd, Musea i Sogn og Fjordane, Venner av Selja kloster.
- ❖ **2012:** Vandreutstilling i regi av Riksantikvaren 1912 – 2012. Vandreutstilling i vernearbeid på Selje kloster- og helgenanlegg ved Stad gjennom 200 år.
- ❖ **2013:** Etablering av Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva. Gjennomføring av ulike aktivitetar, m.a. oppsetting av delar av utstillinga Sunniva og det heilage skrinet, studietur til England og Skottland og forsøksordning med ungdomsvandring i samband med bispedømmet sitt ungdomsår i 2013.
- ❖ **2014:** Bjørgvin bispedøme vitjar Heilagøya Selja og Heilage Sunniva.
- ❖ **2015:** Nasjonal kyrkjeleg pilegrimskonferanse i Selje. Tema: pilegrimstorg, meditative vandringer, heilagstader – kva gjer dei med oss?, grøn pilegrim – kvifor og korleis?. Festgudsteneste i Selje kyrkje – Startsteg «Klimapilegrim 2015».
- ❖ **2015:** Arbeidsseminar om etablering av Selja kloster- og pilegrimssenter. Deltakarar frå m.a. Nasjonalt pilegrimssenter, Pilegrimsfellesskapet St. Jakob, Pilegrimskontoret i Oslo, Fylkesmannen, NCE Fjord Norway, Riksantikvaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Den norske kyrkja med tre bispedøme, Den katolske kyrkje – St. Olav menighet Oslo, UiB, Høgskulen i Sogn og Fjordane, NTNU, Selje kommune, Vener av Selja kloster.

Ta også med internasjonalt? – Kan nokon seie noko om koplinga til t.d Irland og andre land?.



## 5. Tilgjenge – infrastruktur

### 5.1. Reise til Selja og Selje

Den moderne pilegrim kan reise langs kysten av Noreg og nå Trondheim/Nidaros på ulike måtar. Reisande som kjem frå sør kan til dømes ta hurtigbåten frå Bergen via Gulen og nye Kinn kommune. Hurtigbåten stoggar i Selje sentrum, med to daglege avgangar til og frå Bergen måndag til fredag. Laurdag og søndag har hurtigbåten ein dagleg avgang til og frå Bergen.

Det er også mogleg å nå Selje med eigen båt, med bil, sykkel og anna til dels anna offentleg transport. Flyplassar i nærområdet er både Florø, Sandane, Ørsta og Ålesund.



Andre reiser til Selja gjennom turoperatørar som årleg arrangerer turar til Selja. Selje turistinformasjon tar bestillingar på gruppereisande til Selja.

Sunnivaleia arrangerer kvart år vandringar i Sunnivaleia, gjerne med Seljumannamessa i klosteruinane på Selja som mål.



9

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland går no saman og lanserer konseptet «***Travel like the locals***», mellom anna basert på den målsetting at vestlandsregionen skal vere eit miljøvenleg reisemål og jobbe for ei berekraftig utvikling av reiselivet. «*Travel like the locals*» kan bidra til dette, ved å vere eit meir miljøvenleg transporttilbod enn om alle skulle reist rundt med bil. Det er naturleg at Kystpilegrimsleia og dei regionale pilegrimssentra stør opp under dette konseptet, og bør vere ein sentral aktør i etablering og vidareutvikling av konseptet.

## 5.2. Selje sentrum – tilbod og infrastruktur

Selje sentrum er eit kompakt sentrum med moderne sentrumsfunksjonar. Midt i sentrum finn du fasilitetar som hurtigbåtterminal, opne veldrivne kafear, kle- og gåvebutikk, byggevarer, daglegvarebutikkar, bensinstasjonar, parkområde og idrettsområde

---

<sup>9</sup> Foto: Liv Anette Luane. Det kongelege hoff.



#### ❖ **Turistinformasjon**

Selje kommune driftar turistinformasjonen i Selje kommune. Frå turistsesongen 2019 får Selje ein ny, moderne turistinformasjon på bakkeplan i kommunehuset i Selje. Turistinformasjonen vil ligge saman med nytt bibliotek i Selje og skal ha dei nødvendige fasilitetar som besökande har behov for. Turistinformasjonen og biblioteket skal i høgsesongen ha ope laurdag og søndag og vil bli ei sosial møtestad for både innbyggjarar og besökande. Turistinformasjonen tilbyr utlån av sportsutstyr.

#### ❖ **Klosterbåten**

Klosterbåten går i frå Selje sentrum og ut til Selja med faste avgangar i perioden mai – september. Klosterbåten tilbyr elles eigne turar for grupper og skuleklasser, og fleire turoperatørar tingar kvart år tur til Selja. Informasjon om båtreisa og booking finn ein på [www.seljakloster.com](http://www.seljakloster.com). Frå mai 2019 vil ein kunne bestille turane direkte på Internett, via Visit Nordfjord og Selja kloster si heimeside. Ein vil då også få tilgang til lydguide på tre språk. Personleg guiding kan i år bestillast særskilt.

Vestkapp Båtservcie AS tilbyr også andre charter- og båtturar, som ein kan bestille direkte med selskapet.

Selje kommune har avtale med Vestkapp Båtservice om drift av båtruta til Selja og Bø.

Avtalen gjeld fram til september 2021. Fram til då vil kommunen i samarbeid med fylkeskommunen, Riksantikvaren og andre arbeide fram eit nytt driftskonsept for båtruta.

#### ❖ **Gjestehamn i Seljevågen**

Sommaren 2019 står ei moderne, utvida gjestehamn klar midt i Selje sentrum.



#### ❖ ***Servicebygg og venterom***

Servicebygg med toalettfasilitetar og moglegheiter for klevask finn ein ved Seljesanden.

Det er også planlagt endå eit servicebygg med venterom rett ved småbåthamna og ein kort spasertur frå hurtigbåtterminalen.

#### ❖ ***Seljesanden***

I Selje sentrum finn de Seljesanden, som kan nyttast til rekreasjon og fritidsaktivitetar for både innbyggjarar og besøkande. Frå seljesanden har ein fritt utsyn mot Selja og «lyset på Selja». I nordvest møter Seljesanden Selje kyrkje og eit verneverdig naustmiljø.

#### ❖ ***Risnakken og Dagsturhytta***

Sommaren 2019 opnar Dagsturhytta med eit nynorsk bibliotek på Risnakken. Eit kort, men flott turmål til åskammen bak Selje sentrum. Frå Risnakken får ein fantastisk utsikt sørover mot Kinn og vestover mot Selja og havet.

#### ❖ ***Doktorgarden i Selje***

Doktorgarden i Selje tilbyr rom for leige, lokale for møteverksemd og arrangement og har open restaurant.

#### ❖ ***Sunnivahuset med utstilling***

I Sunnivahuset finn de utstillinga Sunniva og det heilage skrinet og Sunnivagalleriet av ca. 25 Sunnivafigurar. Bygget husar i dag utgreiingar, tekstsamlingar og bøker om kloster- og pilegrimstradisjonane i Noreg, med kopling mot utlandet.

#### ❖ ***Anna overnatting og camping***

I nærleiken av Selje kan ein velje mellom ulike overnattingstilbod:

- Selje camp og hyttesenter
- I Seljevågen kan ein bu i sjøbuer eller leilegheiter.
- S. Jetmund gjestehjem i Vanylven ligg i kort avstand frå Selje
- Fjordly ungdomssenter på Bryggja
- Holmely Retreat



SELJA  
KLOSTER

### ❖ **Stadlandet og Vestkapp**

Stadlandet bør omtalast særskilt. På Stadlandet finn ein Stad hotell, som frå nyttår får 21 nye rom, konferanserom til 200 stk. og møterom. I «Korsen» på Stadlandet finn du også nødvendige sentrumsfasilitetar som daglegvarebutikk og kafear. Fleire stadar på Stadlandet tilbyr ulike former for overnatting. Mellom anna campingplassar, «bed and breakfast» og så kalla retreats.

På Vestkapp er Vestkapphuset med restaurant open gjennom heile turistsesongen.

## 6. Etablerte institusjonar som kan ta oppgåva

### 6.1. Samfunnsoppdraget –funksjonen som regionalt pilegrimssenter

Organiseringa av arbeidet og rolla til dei regionale pilegrimssentra er beskrive i langtidsplanen for pilegrimsstinga. Selja som regionalt pilegrimssenter vil organisere seg på den best eigna måten for å støtte og delta i utviklinga av nasjonal pilegrimsatsing og av Kystpilegrimsleia.

Mellan Anna vil vi organisere oss slik at Selja og Stad kan ta vare på og bygge opp under **vertskapsrolla og det lokale engasjementet**. Dette konseptet har vi allereie erfaring med gjennom merkevaren Eid inviterer/Stad inviterer, og vi tek vertskapsrolla med oss som eit viktig satsingsområde for utviklinga av reiselivet. Vi trur at tenkinga har overføringsverdi til pilegrimsarbeidet – og ser føre oss å **invitere til samarbeid** lang kysten generelt og for det regionale utvalde området spesielt.

Turisten
<b>Opplever eit kulturprodukt i verdklasse</b>
.... fordi næringa har jobba systematisk og målretta med formidling og historiefortelling rundt reisemålet, og utvikla attraktive og lønsame kulturprodukt
<b>Opplever eit familievennlig aktivitetssprodukt</b>
.... fordi næringa har jobba systematisk og målretta med utvikling av aktivitetstilbod med utgangspunkt i naturgitte fortrinn (hav, fjell, fjord, vatri, vinter). Primærmålgruppe har vore barnefamilien.
<b>Opplever å kome til eit reint reisemål</b>
.... fordi kommunen, næringa og destinasjonen har jobba systematisk med berekraftsstrategi for reisemålet
.... fordi infrastruktur og transportløysingar har blitt utvikla basert på miljoprinsipp



Lokalsamfunnet:
<b>Raust, autentisk og kunnskapsrikt vertskap</b>

<sup>10</sup> Visualiering henta frå reiselivsstrategien for Selje/Eid og Stad2020. I regi av PWC.

Langtidsplanen peikar vidare på at «de regionale sentrene ha lokalkunnskap om servicetilbud og pilegrimsleden som fysisk struktur i et informasjons- og kommunikasjonsperspektiv.

Både i planleggingsfasen og under vandringer etterspørres det tips, råd og informasjon om overnatningsalternativ, etappe lengder, transportmuligheter og annet servicetilbud. Lokalkunnskapen som de regionale sentrene besitter er svært viktig for å kunne håndtere informasjonsbehovet og forventningene som skapes gjennom markedsføringen av Pilegrimsleden – St. Olavsvegene til Trondheim.»

Eit slik rolle krev ikkje berre at ein kan arbeide systematiske med kunnskapsinnhenting og ajourføring av aktørane og tilboden. Å rigge Kystpilegrimsleia for den moderne pilegrim krev **samarbeid** mellom aktørane og truleg også ei form for **klyngjesatsing** innanfor dei ulike bransjeområda. I reiselivsstrategien for Selje og Eid, og seinare Stad kommune, har ein visualisert ei kundereise. Denne kundereisa kan ein arbeide vidare med i form av **pilegrimsreisa** og nytte for å handtere aktørbildet langs Kystpilegrimsleia: I fellesskap kan ein etablere eit produkt som i sum når målsettinga om ei reise som «berører», som aukar skaparkrafta og som bind oss saman.




Langtidplanen peikar vidare på at dei «regionale sentrene skal også bidra aktivt i arbeid knyttet til planlegging og tilrettelegging i reguleringssaker og sikring av kapasitet langs leden. I dette arbeidet er fylkeskommunene og kommunene sentrale samarbeidsparter som både har forvaltnings- og beslutningsmyndighet, og som har virkemidler knyttet til regional utvikling»

Eid kommune har tradisjon for samfunns- og reguleringsplanlegging, og både Eid og Selje har oppdaterte kommunedelplanar for kulturarv. I Eid har ein over år prøvd seg med ulike former for kulturarvteam, og

ynskjer å utvikle dette vidare. Gjennom dialogen med Fortidsminneforeningen har kommunen delteke i ulike nettverk i inn- og utland.

Å få sett saman eit **større, regionalt team for kulturarven vår** – som skal ta i vare omsynet mellom bruk og vern både i plan- og byggesaker ser ein på som svært viktig og til dels «revolusjonerande». Eit slikt «team» kan også **koplast mot FOU-prosjekt og koplast mot anna formidlings- og bevaringsarbeid**. Også knytt til tematikk rundt ivaretaking av kulturlandskapet. Det er også ynskjeleg å **samarbeide med relevante kompetansemiljø i inn- og utland**.



Å EIGE EIT GAMALT HUS

Oppslag fra 2. juni 2013

**FORORD**

Gamle trebyggningar trengs vedlikehold, og dei er nøytral verdier for mange byggmestrar, restauratørar eller sette i stand eitt. Ved vilen om å nøyde eit kulturmiljø, har desse husa framleis ein praktisk funksjon. Einaste bevaringsverdige byggningar kan også byggast til i slike tilfelle må tilleggjort bli utformu og plassere slik at det er enkelt å sjå hva som er nytt og kva som er gammalt.

Hår det vert basert att eit bygg ofte delar av eit bygg skal rustast opp eller byggast til, er det mange spørsmål igar. Trang til 5 svar på:

- Kvar finn og handverkarkompetansen?
- Kva blir og tak i verktøyet material for huset mit?
- Kva seter leverket og kva kren Eid kommune?
- Kan og selje om stålet for istandsetting?
- Kvar kan og til rettleik og hjelpt?

Det kan oppstått som vanskelig og uoversiktlig kva som skal til av taknadar, varslinger og anna papirarbeid.

Eid kommune har difor laga ein rettelse som kan gje svar på dei mest sentrale spørsmåla for husigarane.

1

Beskrivelse av vore medlemmer i byggmestarskolen. Husa har ikke adresse.

## 6.2. Stad kommune rigga for oppdraget

Sogn og Fjordane fylkeskommune etterspør kva type etablerte institusjonar som kan ta oppgåva som vertskap for eit regionalt pilegrimssenter.

I langtidsplanen for pilegrimssatsinga er det sagt at det ved «*etablering av nye senter skal det vurderes en mer enhetlig organisering av sentrene, hvor en legger vekt på fagmiljø, kompetanse og forutsetningene for en robust driftsmodell*».

Frå 1. januar 2020 blir Selje ein del av **Stad kommune**, og kommunane samarbeider allereie i dag om dei fleste oppgåver, også innanfor kulturarvområdet, samfunnsutvikling, næringsutvikling og reiseliv. Det er naturleg å tenkje seg at Selje og Eid kommune i fellesskap tek prosjektleiar eller koordineringsansvaret for etablering av eit regionalt pilegrimssenter i Selje.

Prosjektet bør elles avklare endeleg organisasjons- og driftsform på kort og lang sikt.


Selje og Eid har i dag **felles koordinator for kulturarven**. Gerd Fløde Bjørlo har hatt prosjektleiaransvar for kommunedelplanane for kulturarv i begge kommunane. Fløde Bjørlo har lang erfaring frå leiing, plan

<sup>11</sup> Rettleiar for Eid kommune, Å Eige eit gamalt hus.

og utviklingsarbeid. Eid kommune stilte også Bjørlo tilgjengeleg som ressursperson i samband med etableringa av Sagastad, og har såleis nyleg tatt del av gjennomføring av eit stort kulturhistorisk prosjekt. Vi kan stille Fløde Bjørlo ***tilgjengeleg som prosjektleiar/prosjektkoordinator*** for prosjektet Selja som regionalt pilegrimssenter og vi kan vere **raskt operative**. Selje og Eid har elles felles kulturavdeling og kulturskule.

Fellesnemnd for Eid og Selje peika i sin uttale til langtidsplanen for pilegrimssatsinga at det i tida framover **må leggast ned ein stor, koordinert innsats** for å få integrert pilegrimssatsinga i kommunale overordna planar, i strategiar for reise- og næringslivet og som ein del av virket til frivillige lag og organisasjonar. Og at nye Stad kommune gjennom sine strategiske planar for stadutvikling, reiseliv og næring allereie har politisk oppslutnad for å kunne integrere pilegrimssatsinga som ein del av vårt felles arbeid ikkje berre i Stad, men også regionalt og internasjonalt. Det er såleis ***politisk semje og ynskje*** om å etablere eit regionalt pilegrimssenter i Selje.

Frå hausten 2019 vil Stad2020 så langt som mogleg operasjonalisere den nye organisasjonen, der kultur og samfunnsonrådet har fått eit eige kommunalområde. Inn under dette kommunalområdet ligg ansvaret for kultur, idrett, næringsutvikling, reiseliv, bulyst, opplæring og integrering. For å nemne noko. Nettopp denne **tverrfaglege organiseringa** gjer kommunen eigna som ein koordinerande aktør for Kystpilegrimsleia, som er eit samarbeidsprosjekt på tvers av kyrkje, næringsliv, det offentlege mfl.



**Turistinformasjonen** blir drifta frå kommunehuset i Selje. Kommunehuset er vedteke kjøpt av kommunen og ombygging av lokale på gateplan for bibliotek, servicetenester og turistinformasjon er allereie i gang. Delar av underetasjen står ubrukt og bygget kan ved ombygging/tilpassing nyttast til ytterlegare servicefunksjonar på relativt kort tid. Selje kommune har som driftar av turistinformasjonen og oppdragsgjevar for «Klosterbåten» eit koordineringsansvar for turismen i Selje. Selje har avsett interne ressursar til drift av turistinformasjon og arbeid med reiseliv, og vi får frå sommaren av inn turistvertar.

**Stiftinga Sankta Sunniva og Stad** vart oppretta i 2015 og har som føremål å formidle, forvalte og legge til rette for forsking knytt til Selja kloster- og helgenanlegg. Sett både i ein lokal, nasjonal og internasjonal samanheng. Stiftinga er ein etablert institusjon med base i det gamle kommunehuset i Selje, Sunnivahuset. Bygget ligg på ein av dei flottaste tomtene i Selje sentrum, med utsikt mot Selje og havet. Næraste nabo til Sunnivahuset er prestegarden i Selje. Sunnivahuset og doktorgarden med sine mange, freda bygg kan ha ein funksjon inntil ein har fått arbeidd fram driftsmodell for regionalt pilegrimssenter i Selje.

**Prestegarden i Selje** husar fleire bygg, som i samråd med kyrkja og presten kan nyttast som ein del av mottaksapparatet. Tilsvarende for andre overnattingstadar i nærområdet.

**Prosjektleiar for Riksantikvaren sitt skjøtsel- og bevaringsprogram** på Selja har base i Sunnivahuset. Skjøtsel- og bevaringsprogrammet for kloster- og helgenanlegget er snart avslutta og på Selja ligg det ligg godt til rette for besök, forsking, utvikling, Prosjektleiarene vil kunne bidra med stor breiddekonnskap om kristninga av Noreg, om pilegrimssatsinga, dagens aktørbilete m.m. Selja er særskilt eigna til religiøse-, kultur- og friluftsarrangement i form av konserter, gudstenester, markeringa osv. Det blir gjennom fylkeskommunen sitt prosjekt vurdert kva former for fasilitetar og infrastruktur ein kan ha på øya framover. Per i dag er der kainalegg og servicebygg knytt til dette anlegget.

**Venner av Selja kloster** er ein organisasjon som arbeider for å fremje kunnskap og interesse for øya Selja og Selje kloster og helgenanlegg. Venner av Selja kloster har vore aktive sidan 2005 og utgjer eit lokalt miljø med stort engasjement og stor kompetanse. Gjennom venelaget kan ein mobilisere frivillige.

Det blir i dag arbeidd for å etablere eit **nytt hotell i Selje**. Det er mogleg å tenkje eit nytt, moderne pilegrimssenter til dømes i tilknyting til hotellet, der ein legg til rette for moderne teknologi og visuelle funksjonar som treff ulike besøksgrupper.


## 7. Kompetansemiljø og nettverk

### 7.1. Koplinga mellom prosjekt og nettverk

Ein er heilt i startfasen i realiseringa av Kystpilegrimsleia og både denne og dei regionale pilegrimssentra skal finne sin **misjon og funksjon** i høve til kvarandre. Prosjektbeskriving med faseinndeling er avgjeraande for kva type aktørar som skal involverast til ulik tidspunkt og på ulik måte. Handlingsdelen vil definere tiltak/prosjekt som skal setjast i verk og kven som har ansvaret. På denne måten vil ein gjennom **planmessig styring** kunne fordele prosjekt og prosjektansvar på tvers av fagområde, på tvers av nøkkelstadar og mellom aktørar i eitt regionalt pilegrimsområde.

Det er naturleg å starte prosjektet med å **kartlegge** av aktørbildet, **mobilisere**, **forankre** mandat og definere målbildet. **Deretter gjennomføre**.





## 7.2. Kompetansemiljø

Den lokale, regionale, nasjonale og internasjonale miljøet for norsk middelalderhistorie og pilegrimsvandringane er stort, og ein må i prosjektplanen avklare roller og samarbeidsformer.

Selje kommune og Vener av Selja kloster har gjennom deltaking i ulike prosjekt, seminar og arrangement i inn- og utland knytt til seg eit **stort nettverk**. Dette nettverket vil ein ta vare på, og også utvide og utvikle vidare. **Kommunane** i regionen spelar også ei sentral og viktig rolle som lokal kulturminnemynde, forvaltar og samfunnsutviklar.

Selja og aktørane i Selja har i dag eit **godt samarbeid med kyrkja og bispekontoret**, og vil bruke kyrkja og bispekontoret i det vidare arbeidet. Tilsvarande vil ein nyte **Riksantikvaren, fylkeskommune, Universitetet i Bergen og andre lokale kulturminneinstansar** som faginstansar og samarbeidspartnarar i relevante prosjekt. Ein opplever i dag å ha eit godt og utviklande samarbeid med dei nemnde instansane, og ein kan i fellesskap bygge bru mellom fortid og notid. Av regionale samarbeidspartnarar kan vi også nemne **Kvernsteinsenteret i Hyllestad**.

Vi ser det også som viktig å ta del i den teknologiske utviklinga, og vere tett på reiselivsbransjen, **destinasjonsselskapa og maritime innovasjonsmiljø**. For på den måten å kunne bygge ei enkel og grøn pilegrimsreise.

Vi ser også koplinga «**Frå viking til pilegrim**» som sentralt, og vil samarbeide med aktørar som Sagastad, Universitetet i Bergen og **musea**, for å nemne noko. Tilsvarande vil ein kunne formidle norsk kystkultur og kulturlandskap.

<sup>12</sup> Sitat. Ukjent.

<sup>13</sup> Kart. PWC.

Ei kort, og langt frå uttømmande liste over aktuelle kompetansemiljø som Selja/Stad i dag er eller ser for seg å involvere i satsinga:

❖ **Kyrkje**

- Nasjonalt pilegrimssenter, Nidaros
- Kyrkjene og heilagstadane langs leia som Selja har ansvar for
- Europeisk pilegrimsnettverk
- Bispedøma Bjørgvin og Møre
- Relasjonar til Irland og pilegrimsvandringa

❖ **Miljø**

- Byggje på «Mot et berekraftig reiseliv» - Vegkart frå reiselivsnæringa i Noreg.
- Byggje på etablerte nettverksstrukturar og pilotprosjekt slik som. KS prosjektet Kortreist kvalitet, Sogn og Fjordane Maritime foreining, Nordfjordrådet sitt prosjekt «grøn strategi», Norsk Maritimt Kompetansesenter AS Ålesund.
- Utvikle etablert samarbeid med næringsliv og skule om aksjonsveke for rydding av strandsone.
- Samarbeid mellom regionalt senter, fylkeskommune og næringa for klimavenleg sjøtransport
- Ta del i og vidareutvikle konseptet Travel like the locals
- Utdanningsmiljø – t.d. Høgskulen på Vestlandet

❖ **Næring**

- Destinasjonsselskapa
- Næringslivsorganisasjonane
- Handelsforeiningar
- Hotell- og overnattingsstadar
- FOU-miljø
- Innovasjon Norge og verkemiddelapparatet
- Kommunal førstelinjeteneste
- Kommunane som samfunnsutviklarar
- Hamneorganisasjonane
- Lokalmatprodusentar
- Lokale nisjebedrifter

❖ **Kultur**

- Fylkeskommunen
- Riksantikvaren
- Formelle, etablerte kommunale kulturnettverk og venelag
- Stiftinga Kystkultur Nø! og andre relevante lag og organisasjonar
- Fylkesmannen
- Historielag
- Eldsjeler

❖ **Kommunane**



❖ Opplysningsvesenets fond

## 8. Avsluttande kommentar

Selje kommune og administrasjonen i Stad2020 takkar Venner av Selja Kloster v/Gerd Kjellaug Berge for utlån av ei svært innhaldsrik og systematisk dokumentsamling, som fortel om dei arrangement og prosjekt som har vore knytt til Selja kloster og pilegrimssatsinga gjennom mange år. Vi takkar også for andre bidrag frå Venner av Selja kloster v/Torkjell Djupedal mfl..

Selja og Stad ser elles fram til å ta del i vidareutviklinga av kulturarven gjennom deltaking i Kystpilegrimsleia og til å vere med å bygge relasjonar og ein sterk kystkultur.

